

FOR 1994-05-16 nr 366: Forskrift om tilskott til skogkultur.

Bruk av basen forutsetter at du samtykker i betingelsene i brukeravtalen.

DATO:	FOR-1994-05-16-366
DEPARTEMENT:	LD (Landbruksdepartementet)
AVD/DIR:	Skogavd.
PUBLISERT:	Avd I 1994 624
IKRAFTTREDELSE:	1994-05-16
SIST-ENDRET:	
ENDRER:	FOR-1991-05-15-337
GJELDER FOR:	Norge
HJEMMEL:	LOV-1814-05-17-§75, Stortingets budsjettvedtak

INNHold

Forskrift om tilskott til skogkultur.

- § 1. Formål
- § 2. Verkeområde
- § 3. Vilkår for å få tilskott
- § 4. Tiltak det kan givast tilskott til
- § 5. Søknad om tilskott
- § 6. Godkjenning
- § 7. Utbetaling
- § 8. Tilbakebetaling
- § 9. Kontroll
- § 10. Dispensasjon
- § 11. Klage
- § 12. Ikraftsetjing

Vedlegg. Definisjon av skogstrøk i austlandsfylka og Aust-Agder

Forskrift om tilskott til skogkultur.

Fastsett av Landbruksdepartementet 16. mai 1994 med heimel i det årlege budsjettvedtaket i Stortinget.

§ 1. Formål

Formålet med tilskottsordninga er å stimulere til etablering og oppbygging av kvalitetsskog samtidig som miljøverdiane knytte til biologisk mangfald, landskapsbilete, kulturminne og friluftsliv skal takast vare på og utviklast.

§ 2. Verkeområde

Tilskottsordninga gjeld alle eigedomskategoriar med unntak av eigedommar i skogstrøka i austlandsfylka og Aust-Agder (sjå vedlegg) som har eit nyttbart balansekvantum på over 3.000 m³ i vedkommande kommune etter skogbruksplanen.

Berre eigedommar med over 10 daa produktiv skogmark kan få tilskott om dei ikkje blir drivne saman med anna skogmark.

Ordninga omfattar både natur- og kulturforynging.

§ 3. Vilkår for å få tilskott

Desse vilkåra må vere oppfylte for at tilskott kan bli gitt:

- a) Tiltaket skal vere samfunnsøkonomisk lønnsamt. Dette inneber m.a. at forholda må liggje til rette for eit økonomisk lønnsamt skogbruk i området og at ein ventar at tiltaket vil gi rimeleg forrenting. Tiltak som fører til særlege skadar på spesielle miljøverdiar, skal ikkje ha tilskott.
- b) Tiltaket skal vere skogfagleg og miljømessig forsvarleg utført. Ved planlegging og gjennomføring av tiltaket skal det takast omsyn til biologisk mangfald, landskapsbilete, kulturminne, friluftsliv og erosjonsfare. Tiltaket skal vere tilpassa vekseplassen, og det skal leggjast vekt på treslagblanding der tilhøva ligg til rette for det.
- c) Feltet skal vere minst 2 daa. Det givast berre tilskott til tiltak som tek sikte på virkesproduksjon.

- d) For at det kan utbetalast tilskott til inngjerding, grøfting og tiltak i vernskog, må kommunen på førehand ha godkjent tiltaket. Kommunen kan i tillegg krevje førehandsgodkjenning for andre tiltak der det i samband med verneplanarbeid eller tilsvarande er påvist spesielle miljøverdiar.
- e) All pliktig skogavgift skal vere innbetalt.
- f) Skogeigaren har plikt til å utføre nødvendig for- og etterarbeid og må gi relevante opplysningar, vise felt og akseptere dei kontrolltiltaka som skogbruksstyresmaktene fastset.

§ 4. Tiltak det kan givast tilskott til

Fylkesmannen fastset kva for tiltak av dei som er nemnde i denne paragrafen som kan få tilskott, og kor stort tilskottet skal vere i ulike område.

A. Etablering av skog

- 1) Klargjering av foryngingsfelt ved skogreising. Dette gjeld ikkje grøfting og bruk av kjemiske middel.
- 2) Grøfting på fastmark der det er nødvendig for å foryngje skog etter hogst.
- 3) Markflekking.
- 4) Planting og såing. Det blir ikkje gitt tilskott der forholda ligg til rette for å få tilfredsstillande virkeskvalitet ved naturleg forynging av bar- og/eller lauvtre.
- 5) Inngjerding av omsyn til forynginga.
- 6) Gjødsling.
- 7) Tiltak mot rote.

B. Stell av foryngingsfelt og ungsog

- 1) Suppleringsplanting og -såing for å få tilfredsstillande tettleik.
- 2) Vegetasjonskontroll og avstandsregulering. Dette gjeld ikkje ved bruk av kjemiske middel. Der ein ønskjer granskog, bør det vere meir enn 10% lauvtre.
- 3) Stammevisting.
- 4) Tiltak mot rote.
- 5) Grøftereinsk og suppleringsgrøfting.

Planleggings- og administrasjonsutgifter på inntil 15% av lønnskostnadene for arbeidet på eit felt kan godkjennast som grunnlag for utrekning av tilskott.

Det kan ikkje givast tilskott til kjøp av utstyr.

Fylkesmannen kan gi nærare retningsliner om praktiseringa av denne paragrafen i samsvar med den årlege tildelinga av tilskottsmidlar frå departementet.

§ 5. Søknad om tilskott

Søknad om tilskott til utførte skogkulturtiltak skal sendast til kommunen snarast mogleg og seinast eit år frå utgangen av det kalenderåret investeringa blei gjennomført.

§ 6. Godkjenning

Kommunen avgjer om eit skogkulturtiltak skal få tilskott.

§ 7. Utbetaling

Fylkesmannen utbetaler tilskottet. Skogeigaren skal gjerast merksam på vilkåra som er knytte til utbetalinga, jf. § 3.

§ 8. Tilbakebetaling

Tilskottet kan krevjast tilbakebetalt frå eigaren, heilt eller delvis, om vilkåra for tilskottet ikkje er oppfylte, eller arealet blir omdisponert til anna formål enn skogproduksjon.

Beløpet som skal tilbakebetalast, skal inkludere renter frå tidspunktet då utbetalinga skjedde. Renta skal vere 3 prosentiningar høgare enn renta på renteberande lån til skogsvegar i Statens Landbruksbank då kravet om tilbakebetaling blei sett fram. Maksimal tilbakebetalingstid er 5 år, men kommunen kan setje kortare frist.

Beløpet som skal tilbakebetalast, kan trekkjast inn ved reduksjon i andre tilskott frå budsjettet for Landbruksdepartementet.

§ 9. Kontroll

Kommunen skal i nødvendig utstrekning kontrollere dei iverksette investeringane og dei utførte tiltaka før tilskottet blir utbetalt.

Gjennom stikkprøver av foryngingsfelta skal kommunen kontrollere at dei nødvendige tiltaka er utførte på ein skogbruksfagleg og miljømessig tilfredsstillande måte. Resultata av kontrollen skal rapporterast til fylkesmannen på skjemaet for resultatkontroll av foryngingsfelt frå Landbruksdepartementet.

§ 10. Dispensasjon

Landbruksdepartementet eller den departementet gir fullmakt, kan dispensere frå denne forskrifta.

§ 11. Klage

Vedtak gjorde av kommunen med heimel i denne forskrifta kan klagast til fylkesmannen. Elles gjeld føresegnene i kap. VI i lov av 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

§ 12. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft 16. mai 1994.

Samstundes blir forskrift av 15. mai 1991 nr. 337 om statstilskudd til skogkultur og skogreising, oppheva.

Vedlegg. Definisjon av skogstrøk i austlandsfylka og Aust-Agder

Med skogstrøk i austlandsfylka og Aust-Agder meiner ein i denne forskrifta: Fylka Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark og Aust-Agder med unntak av:

- Trysil, Stor-Elvdal, Rendalen, Engerdal, Tolga, Tynset, Alvdal, Folldal og Os i Hedmark.
- Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Nord-Fron, Sel, Sør-Fron, Ringeby, Øyer, Gausdal, Torpa i Nordre Land kommune, Sør-Aurdal, Etnedal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang i Oppland.
- Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, Hol, Eggedal i Sigdal kommune, Rollag og Nore og Uvdal i Buskerud.
- Jomfruland i Kragerø kommune, Tinn, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje, Tinnsjøområdet i kommunane Notodden og Hjartdal og Tuddal sokn i Hjartdal kommune i Telemark.
- Risør, Arendal, Grimstad, Tvedestrand, Lillesand, Valle, Bykle og dei delane av kommunane Gjerstad, Vegårshei, Frøland, Birkenes og Åmli i Aust-Agder som ligg sør for geologisk skiljeline mellom Telemarks- og Kongsberg-Bamble-formasjonen.

Databasen sist oppdatert 2. feb 2004